



Langrennskomiteen@

Sakshand.: TAH/ KD

Dato: 21.12.2021

Arkivk.: lk/møter/innkalling/21-23

## PROTOKOLL TIL MØTE NR. 04 I LANGRENNSKOMITEEN, 2021-2023

**Stad:** Thon Hotell Jølster  
**Tidspunkt:** Tysdag 21. desember 2021, kl. 18.00-21.00

### Sakliste

#### REFERATSAKER

**SAK 24 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 25 21-23** Godkjenning av protokoll LK møte nr. 03 21-23

#### RAPPORTERINGSAKER

**SAK 26 21-23** Rekneskapsrapport pr. 07.12.21

#### DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

**SAK 27 21-23** Status nye koronarestriksjonar  
**SAK 28 21-23** Krinslaget 21/22  
**SAK 29 21-23** Nasjonale renn  
**SAK 30 21-23** Oppfølging frå Haustmøtet – rekrutteringsarbeid  
**SAK 31 21-23** Sommarskiskule og trenarkurs, juni 2022

#### EVENTUELT

---

**TIL STADES:** Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Eline Orheim, Torstein Blikra og Kennet Dvergedal (adm.)

**FORFALL:** Sveinung Pile

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Kennet Dvergedal

---

#### REFERATSAKER

**SAK 24 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

#### VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenn innkalling og sakliste.

**SAK 25 21-23**

**Godkjenning av protokoll LK møte nr. 03 21-23**

**Bakgrunn**

Protokoll LK møte nr. 3 21-23 er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenner protokoll LK møte nr. 3 21-23

**RAPPORTERING**

**SAK 26 21-23**

**Rekneskapsrapport pr. 07.12.2021**

**Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 07.12.2021 er lagt ved som eige vedlegg. Rapporten vert presentert i møtet.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

**DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

**SAK 27 21-23**

**Status nye koronarestriksjonar**

Leiar i LK deltok på møte med Skiforbundet angående nye retningslinjer for covid-19 og gjennomføring av skirenn vinteren 2021-2022.

LK leiar orienterte og ettersender eventuell protokoll frå møtet.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om å støtte Skiforbundet sine anbefalingar kring gjennomføring av skirenn.

**SAK 28 21-23**

**Krinslaget 21/22**

**Bakgrunn**

Krinslaget 2021-2022 vart orientert om i Sak 04 21-23.

Informasjon om krinslaget finn ein på denne lenka;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/langrenn/krinslag/>

Sportsleg ansvarleg, trenarar og adm. har lagt opp til ei ekstra samling for krinslaget, i Hodlekve 17.-19. desember, i samband med krinsrennet 19. des. Denne samlinga går over budsjettposten for krinslaget 2021, men sidan ein ikkje hadde kostnader med Hovudlansrenn og norgesmesterskap vel ein å bruke dette overskotet til ei ekstra samling. Det må vere skiforhold for å gjennomføre samlinga.

**VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om å ha ei ekstra vintersamling for krinslaget 14.-16. januar 2022 i Sogndal. Med atterhald om snø. Vidare utfordrar langrennskomiteen Sogndal IL til å arrangere renn i Hodlekve søndag 16. januar. Administrasjonen og trenarar for krinslaget følgjer opp.

### **SAK 29 21-23**

#### **Nasjonale renn**

##### **Bakgrunn**

Skiforbundet har reservert noko overnatting til nasjonale renn, som adm. har søkt på vegne av krinsen.

Foreløpig overnattingsplassar til nasjonale renn ligg vedlagt.

##### **VEDTAK**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

### **SAK 30 21-23**

#### **Oppfølging frå Haustmøtet – rekrutteringsarbeid**

##### **Bakgrunn**

På LK møte nr. 3 21-23 sak 23 var det gjort følgande vedtak:

*Langrennskomiteen drøfta tiltak som kan prøvast denne sesongen ved ulike arrangement. Langrennskomiteen gjer vedtak om å følgje opp rekrutteringstiltak med aktuelle klubbar.*

*Vidare gjer langrennskomiteen vedtak om at adm. reinskriver innspela som vart foreslått under Haustmøtet, og lagar eit utkast til korleis tiltaka kan implementerast i handlingsplanen. Utkastet blir presentert ved neste møte i langrennskomiteen.*

Utkast til korleis tiltaka kan implementerast i handlingsplanen ligg vedlagt.

##### **VEDTAK**

Langrennskomiteen drøfta tiltaka i handlingsplanen og gjer vedtak om å følgje opp 3 prioriterte tiltak i løpet av skisesongen 2021-22. Med tanke på koronasituasjonen kan det vere ekstra utfordrande å gjennomføre tiltaka denne sesongen, men langrennskomiteen ønsker likevel å gjere eit forsøk.

### **SAK 31 21-23**

#### **Sommarskiskule og trenarkurs, juni 2022**

##### **Bakgrunn**

Sommarskiskule og trenarkurs er foreløpig planlagt i veke 25. Det er tenkt at Skikrinsen arrangerer sommarskiskule, trenar 1- og trenar 2-kurs, og Skiforbundet arrangerer trenar 3-kurs.

##### **VEDTAK**

Administrasjonen startar planlegginga med gjennomføring i veke 25 og start av sommarskiskulen søndag 19. juni.

### **EVENTUELT**

**Neste møte i langrennskomiteen på teams; 24. januar 2022 kl. 20.00-22.00**



.....  
SOGN OG FJORDANE  
SKIKREINS  
.....

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)  
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef